



Føringen vert sett saman bord for bord med alt som høyrer til. Bjørn Arve Lunde er instruktøren.

I veka som var, strøymde det 130 elevar frå 7 skular til Rød og Bøkerverkstaden for å læra meir om fartybygging og kystkultur. Det er Sunnhordland museum som kvart år gjestar alle 6. klassane i Sunnhordland med programmet Eg byggjer meg ein båt. Instruktørane var Bjørn Arve Lunde og Torhild Falk Berger.

Eg byggjer meg ein båt er eit drampedagogisk program, laga og utvikla på Sunnhordland museum, der elevane får ei oppleving av kystkultur og innsyn i det å byggja ein færing. Etter ei felles innføring med song og drama, vert klassen delt inn i tre grupper. og rullerer på tre stasjonar. Ei gruppe byggjer båten, ei gruppe klinkar saumen og ei gruppe smir og pussar emne til båten.



Ei gruppe klinkar saum saman med Torhild Falk Berger.

Alle må læra og hugsa namna på materiealane og båtdelene. Halsabordet, børabordet, ripe, keip, tofte, tilje, spant, styrbord, babord, beten, rongjo, å ro og skuta er berre noko av alt som vert lært ved god hjelp av regle og rim. I Kvinnherad burkar mange omgrepet å hamla i staden for å skuta. Å hamla er det same som å ro attover. Hamlebandet er ei toglykkja festa til keipen i staden for tollar bak i keipen.

Sunnhordland museum har motteke mykje ros for programmet Eg byggjer meg ein båt. Museet har mellom anna vore i Nordmandie og i Skotland på festivalar med framføringa. Alle plassar der dei kjem, vert det synt stor interesse.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Her vert det smidd og pussa tollepinne.